

Ryggjavegen



Av innhaldet:

Stoppar NATO ferjesamband i Ryfylke?

Sekstifem års rutebiltrafikk i Suldal

Veghistorie frå Dalane

Gjestekommentar ved statsråd Rettedal

Bedrøvelig utvikling av administrasjonsbudsjettet



Nr. 1 — mars 1985
12 årgang

Ryggjavegen

Bedriftsorgan for Statens vegvesen i Rogaland.

Redaksjonens adresse:
Jernbanevn. 1, 4000 Stavanger.

Redaktør: Harald Sel.

Redaksjonsråd: Georg Eie, Torleif Haugvaldstad, Vigdis Onarheim, Ole Tamburstuen og Torleiv Tveit.
Oppslag: 1500

INNHALD nr. 1-85

Aktuelle kommentar	s. 2
Stoppa NATO ferjesamband?	s. 3
Storlygaren	s. 4
Ombygging av Madlakrossen	s. 4
Lån oss gamle foto!	s. 5
Vegvesenets Kunstforening	s. 6
Tildeling av varmedresser	s. 6
Pensjonister på glattisen	s. 7
Motorvegen på landskapsmodell	s. 7
Solatangenten	s. 8
Overlast kan bli dyrt	s. 9
Sekstifem års rutebiltrafikk i Suldal	s. 10
Nytt norskprodusert leskur	s. 11
Intervju med Gustav Bøen	s. 12
Rundt omkring rundkjøring	s. 14
Vegvesenets skyttardronning	s. 15
Kryssord	s. 15
Nye arbeidsvarslingsforskrifter	s. 16
Nye håndbøker	s. 16
Attførings-tiltak	s. 17
Mi mening	s. 17
Personalia	s. 18
Veghistorie frå Dalane	s. 18
Anlegget Hustveit — Svandalsfossen	s. 19
Vegvesenets største gravemaskin	s. 20
Informasjonsmøte for vedlikeholdet	s. 21
Pensjonistforeningens arbeid	s. 21
Andakt	s. 21
Gjstekommentaren	s. 22
Bedrøvelig utvikling av adm. budsjettet	s. 22
Egen regi eller privatisering	s. 22
Vedlikehold av gang- og sykkelveg	s. 23
Likestillingsutvalg oppretta	s. 23
Tillitsmannens spalte	s. 23

Forsidefoto:

Til venstre: Karsten Reiersen i ferd med å merka slaghammaren på den nye gravemaskinen som er kjøpt inn til grusproduksjonen i Vadla. (sjå artikkel s. 20.)
Foto: Johannes Bø

Til høgre: Tre av personane som var i aktivitet under informasjonsmøta for vedlikeholdet som blei arrangert før jul. Bileta er frå Haugesund og Sand og viser frå toppen: David Træhau, Harald Gederø og Svein Fure.

Foto: Harald Sel

Bidragene står for innsenderens egen regning og gir ikke nødvendigvis uttrykk for vegvesenets holdning.
Ettertrykk tiltaut når kilde oppgis.
Sats og trykk: Allservice A/S
Layout: Harald Sel

Aktuell kommentar:

Nytt driftsår – nye oppgaver

Av anleggssjef Halvor Folgerø

Vi er nå inne i et nytt driftsår og har i hovedtrekk fått gitt rammebetingelsene for vår anleggsdrift.

Ser vi på de midlene som ventes omsatt i 1985, vil vi oppdage at tilskuddene over de ordinære riks- og fylkesvegbudsjettene utgjør en betydelig del av den totale omsetningen. I 1984 utjorde forskudd og særbidrag 21% av omsatt beløp, menslike midler i 1985 ventes å bidra med 33% av den samlede anleggsrammen. Det er selvfølgelig positivt at vi på denne måten kan få utjvnet den reelle nedgangen vi opplever fra år til år i de ordinære bevilgningene. Imidlertid er det forbundet visse usikkerhetsmomenter ved slike finansieringsopplegg. Vi har ingen garanti for at vi hvert år kan fylle opp med slike midler. Samtidig lever vi på et vis «på forskudd», forskuddene skal jo tilbakebetales en gang i fremtiden.

Men hittil har vi fått til finansieringsavtaler som ikke har vært for urimelige, samtidig som at vi har fått tilført store og interessante oppgaver og fått realisert viktige prosjekt vesentlig tidligere enn dersom de skulle ha vært innpasset på de ordinære budsjettene.

Vi har de siste 4–5 årene praktisert tilnærmet inntaksstopp i utedriften. Naturlig avgang sammen med en viss overføring til vedlikeholdet har ført til at den faste arbeidsstyrken i anleggsdriften i løpet av 1984 er blitt redusert til ca. 100 tjenestemenn. Til sammenlikning kan nevnes at tallet i 1982 var 138.

Denne reduksjonen har for så vidt vært nødvendig, sett på bakgrunn av den nedskjæringene vi har fått på investeringssiden de senere årene. En slik regulering av arbeidsstyrken vil imidlertid få uheldige effekter etter få år. Gjennomsnittsalderen for arbeidene vil stadig øke, samtidig som at vi ikke får erstattet nøkkelpersoner eller får tilført nødvendig kompetanse ved avgang. I 1985 vil det trolig bli gitt adgang til inntak av noen få tjenestemenn. Dette vil forhåpentligvis avhjelpe de mest akutte behovene, men vil ikke kunne rette opp den skjeve alderssammensetningen som vår arbeidsstyrke har i dag.

Bruken av EDB har også gjort sitt inntog i anleggsdriften. I 1983–84 anskaffet vi de første mikromaskinene til anleggsdriften. Ut av dette kan vi øyne konturene av en fremtidig utvikling med mikromaskiner ute på anleggene og vegstasjonene som kan benyttes direkte i forbindelse med den løpende anleggsdriften, samtidig som at de har tilknytning til minimaskinen på vegkontoret og kan kommunisere med den.

Vi gjorde i 1984 konkrete forsøk på å ta i bruk EDB på 2 områder innen anleggsdriften: driftsplanlegging på EDB og utarbeidelse av sprengningsplaner ved EDB. På grunn av at programmene foreløpig ikke er helt brukervennlige, kom vi ikke særlig i veg med dette i fjor. Det arbeides imidlertid med å forbedre systemene, og forhåpentligvis vil vi komme ett skritt videre i 1985. Dessuten vil vi også forsøke et opplegg med bruk av mikromaskin i den løpende styringen og oppfølgingen av driften på Ytre Ringveg.

Kravet om økt produktivitet til egen drift og konkurransesituasjonen overfor private entreprenører er blitt skjerpet etter som anleggsbevilgningene har avtatt. Dette er for så vidt en naturlig utvikling og heller ikke vi i vegvesenet synes at dette er en negativ trend. Vegvesenets ansatte er ikke motstandere av sunn konkurranse, så sant vi får konkurranse på samme betingelser.

Produktivitetsspørsmålet i egen driften ble gitt betydelig oppmerksomhet i 1984. Og på flere av våre anlegg ble det dokumentert betydelig bedre resultater enn de produksjonsmålene som var satt opp i driftsplanene. Slike resultater virker oppmuntrende for alle som er med på å gjennomføre anleggene, og er også med på å styrke oppfatningen av at vegvesenet kan konkurrere når forholdene legges til rette for rasjonell drift.

Som kjent er vegbygging et tema som opptar mange og omtrent alle i vårt samfunn har daglig kontakt med vegvesenet på en eller annen måte, som trafikanter, som grunneier, som avkjørselssøker o.l. ikke minst er interessen stor for når et nytt prosjekt kan tas i bruk. Vi i vegvesenet har altfor lett for å overse dette informasjonsbehovet, og vi bør etter min mening skjerpe oss på dette området.

For det første er det viktig at vi setter realistiske ferdigstillingsdatoer for våre prosjekt, og dermed at vi virkelig satser for å oppfylle disse tidspunktene.

Videre bør vi benytte oss mere av info-brosjyrer og info-tavler på de enkelte prosjektene enn hva tilfellet er idag. Jeg tror at mange trafikanter vil vise større forståelse for midlertidige trafikkhindringer, dersom de på et informasjonskilt får opplyst at den aktuelle vegstrekningen vil være ferdig om f.eks. 1/2 år. Dette gjelder ikke minst for gående og syklist, som vi ofte har hatt en tendens til å glemme når vi planlegger midlertidige trafikkavviklingsordninger.



Redaksjonen avslutta 1. februar

Stoppar NATO ferjesamband Rennesøy — Bokn?

AV TORMOD NAG

Rennesøy knytta til fastlandet, og nytt ferjesamband over til Bokn? Dette ser nå ut til å vera aktuelt etter den synfaringa som leiande politikarar og personar frå administrasjonen i Vestland fylke hadde langs rv. 14 i haust. Veg og bru til Rennesøy må også vurderast i samband med planlegginga av ferjeterminal på Bokn. Men det er som oftast skjær i sjøen.

Det viser seg nå at eit ferjesamband mellom Galtavågen (Rennesøy) og Vågaholmane (Bokn) vil gå rett gjennom eit område som forsvaret har «okkupert» i Boknafjorden. Dette området vert nytta til testing og justering av utstyr ombord på fartøy frå NATO-landa.

Etter det forsvaret opplyser kan dei vanskeleg utføra sine målingar og testingar med regelmessig rutetrafikk i området.

Til denne tid er ikkje saka offisielt drøfta med forsvaret. Men ein ting er sikkert: Forsvaret har sendt eit varselkot fram om eventuelle ferjer mellom Rennesøy og Bokn.

Ferjeterminal på Bokn

Fleire stader har vore til vurdering for plassering av ferjeterminal på Bokn.

På Austre Bokn er det Makrellvika og Vågaholmane som har vore med i planlegginga. På Vestre Bokn har ein vurdert området ved Solholmane.

I høve til Mekjarvik gir Solholmane den kortaste distansen, men Solholmane har også sine negative sider. For det første kan dette vera ein værhard stad. Vidare vert dette det mest kostbare alternativet ved at det må byggjast meir vegar.

Brua mellom Austre- og Vestre Bokn må og ha ein høgare klasse om ferjeterminalen vert ved Solholmane.

Alt dette gjer at Solholmane kan bli 20–30 mill. kroner dyrare enn å plassera ferjeterminalen på Austre Bokn.

Dersom ein ser på investeringsbehovet og maritime tilhøve, kan Vågaholmane bli ein av dei beste stadane å plassera ferjeterminalen.

Arbeidet med hovudplanen for fastlandssamband til Bokn går nå inn i slutfasen. Når Rygjavegen kjem ut har truleg vegsjefen gitt si innstilling til både vegsystem og ferjeterminal på Bokn.

Etter planane skal arbeidet ta til i 1988–89.

Ferjeterminal i Galtavågen

På Rennesøy er det Galtavågen som naturleg peikar seg ut som område for plassering av ferjeterminal. Distansen over til Vågaholmane er ca. 11 km, eller ca. 30 min. med ferje.

Rv. 14 «Kystvegen»


Som vi tidlegare har skrive om i Rygjavegen, vart det hausten 1984 gjennomført ei synfaring med buss frå Stavanger til Kristiansund. Sikte-

målet med turen var å få til samarbeid over fylkesgrensene om ei opprusting av rv. 14.

På den omlag 70 mil lange strekninga mellom Stavanger og Kristiansund er det 10 ferjestrekningar. Ei viktig oppgåve er difor å gjera desse kortare, eventuelt å få bort nokre av dei.

Ferjesambandet mellom Mekjarvik og Skudeneshavn er eit av dei ti ferjesambanda som går inn i denne såkalla «Kystvegen». I tillegg til at dette er den lengste ferjestrekninga, er den også den dyraste å driva, og ikkje minst, den tøffaste.

Det var difor ikkje uventa at nettopp ei innkorting her var noko som Vegdirektoratet sin representant peika på som ei interessant oppgåve.



Den mest aktuelle overfarten for eit framtidig ferjesamband mellom Rennesøy og Bokn er frå Galtavågen til Vågaholmane, slik stipla line viser.

Innlagt felt viser det området som NATO brukar for testing av navigasjonsutstyr. Forsvaret meiner at dei med regelmessig rutetrafikk i området, vanskeleg kan utføra sitt arbeid.

Eit anna alternativ for ferjesamband er mellom Galtavågen og Solholmane, men også ved dette vil ein kryssa ein del av NATO sitt testeområde. Dette alternativet vil dessutan føra til lenger kjørestrekning for gjennomgangstrafikken.



Storlygaren


Nytt av året i Rygjavegen er ei vitsespalte. Eit namn skal gjerne også ei slik spalte ha. I mangel på noko betre, har me denne gongen stansa opp ved **STORLYGAREN**. Men nå er det slik at ei god historie ikkje nødvendigvis er lygn og dikt, og har nokon forslag til ein annan og kanskje betre tittel på spalta, så kom til redaksjonen med det!

Torleif Haugvaldstad er mannen me har bedt om å dra det heile i gang. Seinare vil spalte halda fram som ein «stafett», der bidragsytarane utfordrar ein kollega innan etaten til neste nummer.

Med dette lar me Torleif Haugvaldstad sleppa til:


Ola og Sven hadde vore på jakt. Fangsten var dårleg. På heimturen såg han Ola ei orrhøne i eit tre. Han skaut, men høna vart sitjande. Då sa Sven: «Du må prøva eit skot til, eg trur ikkje ho høyrde det.»

Kven skal så få ære av å overta stafetten? Torleif tenkjer seg vel om: «Me lar han gå over Boknafjorden, til Karl Støle ved Haugesund vegstasjon.»



Ombygging av Madlakrossen

TEKST: SIGURD SÆLAND
TEGNING: ELLEN JEBSON
FOTO: HARALD SEL



Anleggsarbeidet tok til midt i januar med klargjøringsarbeid. I første rekke gjelder dette bygging av en midlertidig rundkjøring for omdirigering av trafikken når bygginga av undergangen i Madlavegen begynner i mars.

Madlakrossen har vært «bygget om» flere ganger tidligere, men med det arbeidet som nå står for døren håper vi at forholdene i Madlakrossen vil bli permanente og gode i lang tid framover, både for bilister og myke trafikanter.

Det vesentligste som vil skje er at det vil bli en bedre kanalisering i krysset (egne høyre- og venstresvingfelt), utvidelse av bussprioriteringen (eget felt fra sør mot Madlakrossen), full lysregulering som vil virke sammen med resten av lyskryssene på rv. 509 helt inn til Tjensvollkrysset og forhåpentligvis gi bedre flyt både i rushtrafikken og ellers på dagen. Det vil bli bygget undergan-

ger for myke trafikanter både under Madlaveien og Madlamarkveien og dermed sammenhengende g/s-veg langs Rv 509 og opp til Madlamarkveien med forbindelse over til boligområdene og friluftsområdet på nordsiden av krysset. Støyskjermer og voller vil bli satt opp. Alt dette vil koste penger, nærmere bestemt ca. 5,5 mill. kr. Arbeidet startet opp i januar i år og ventes ferdig i september 1985. De to undergangene vil bli bygget som entreprisearbeid, og litt spesielt vil det være at vi vil forsøke å regulere trafikken under anleggsperioden av undergangen i Madlaveien med en stor rundkjøring. Dette blir bl.a. gjort for at undergangen skal

Redaktøren har ordet:

Lån oss gamle foto!

I så godt som kvart nummer av Rygjavegen er det gjerne eit eller fleire gamle fotografi. I seinare tid har me mellom anna gjerne brukt eit eldre bilete som baksideillustrasjon.

Me har registrert betydeleg interesse mellom lesarane for desse veghistoriske tilbakeblikka. Det har i dei siste åra vore aukande forståing for verdien av eldre fotografi som kjelde til kunnskap om fortida.

I vegvesenet har det skjedd mykje og endringane har vore mange i dei siste tiåra. Eit bilete med motiv frå – eller med tilknytning til vegarbeid og vegetaten treng difor ikkje vera så svært mange år for å vera interessant som historisk kjelde. Eit døme i så måte har me i dette nummeret, der eit bilete me har lånt av Olav Gjerde i Vats illustrerer ein artikkel Johan Veka har skrive om saga til rutebilselskapet i Suldal.

Me veit at mange, både tidlegare yrkesaktive og folk som framleis arbeider i etaten, har interessante bilete i album og skuffer. Motiva kan vera ulike, frå veganlegg, av vegarbeidarar/arbeidslag, av vegtrafikk og kjøretøy. Redaksjonen i Rygjavegen vil med dette be dei som har eldre foto av dette slaget om å kontakta oss. Alle som låner oss bilete, vil få desse i retur etter at me har reproduisert dei.

Når nokon lånar oss bilete, er me interesserte i så mange opplysningar som råd om motivet. Her nemner me berre slike vesentlege ting som kor biletet er tatt, tidspunkt, namn på personar dersom ein kjenner desse, og mest muleg elles om motivet/anlegget o.s.b. Er namnt på fotografen kjent, vil me alltid ha det med.


Med dette håper me på god «fotojakt» rundt om i heile fylket. Ein del av bileta vil me bruka i Rygjave-



Dette biletet hadde me på baksida av Rygjavegen nr. 4/84. Me visste at det var tatt ved opninga av vegen frå Storskjær til Ropeid 14. okt. 1931, men personane på biletet var ukjente. Me bad om opplysningar frå lesarane, og har fått navnet på alle personane så nær som ein.

Frå venstre ser me: Oppsynsmann i vegvesenet Lars Lillehammer, fru Lillehammer, ingeniør Høie frå vegvesenet, ukjent, direktør Sneat (amerikanar som var med på oppbygginga av EFP (nå Sauda Smelteverk A/S)), lensmann i Sauda Kolbjørnstveit, Lars Fatland frå Vanvik, trelasthandlar Svend D. Svendsen, Sand, fru Danielsen, direktør ved EFP A.S. Danielsen, banksjef i Sauda Sparebank Karl Rasmussen.

gen, andre kan vera aktuelle i andre samanhengar. Og i alle tilfelle vil det vera verdifullt at flest muleg bilete blir reproduisert og oppbevart i vegvesenet sitt arkiv, som historisk dokumentasjon og kjeldemateriale for ettertida.



Denne skissen viser oss hvordan Madlakrossen vil bli regulert etter ombygginga. De kraftige pilene markerer fotgjengerundergangene som skal bygges. Mellom Madlakrossen og det eksisterende lyskrysset rv. 509/510 lenger nede i bakken, blir det egne felt for buss og drosje, slik som lenger inne på Madlavegen.

kunne bygges kontinuerlig og hurtig og dermed minst mulig omleggingsperiode av trafikken på rv. 509.

Arbeidene utenom undergangene gjøres i egen regi, og vi regner med å

sysselsette 3–4 arbeidere. Anlegget ledes av oppsynsmann A. Aasheim.

Vegvesenets Kunstforening:

Arbeid for økt kunnskap og kunstforståelse

TEKST: KARI A. MEHLA – FOTO: HARALD SEL



Styret i Vegvesenets Kunstforening. Fra venstre: Marit Øverland, styremedlem, Sigurd Sæland, styremedlem, Kari A. Mehla, sekretær, Johan Lund, kasserer og Kjell Dalaker, formann. På veggen i bakgrunnen henger noen av bildene som ble fordelt ved trekningen i 1984.

Vegvesenets Kunstforening i Stavanger ble stiftet i 1980. Kjell Dalaker hadde gjort en iherdig innsats «i marken» for å få foreningen etablert, og naturlig nok ble han valgt som formann på den konstituerende generalforsamlingen. Dette vervet har han hatt siden.

I vedtektene for foreningen heter det blant annet:

Formål

Gjennom innkjøp og utlodning av bildende kunst og brukskunst å arbeide for økt kunnskap om og forståelse av kunst.

Medlemskap

Medlemmer kan være alle som er ansatt ved vegkontoret og Biltilsynet i Stavanger, herunder de som midlertidig er utplassert ved uteseksjonen.

Medlemskapet følger 4-års perioder.

Medlemskapet opphører ved eventuell slutt i tjenesten, dog slik at medlemskapet fortsetter med betaling av kontingent til utløpet av vedkommende 4-års periode. Pensjonister kan være medlemmer av foreningen.

Innkjøp

Styret besørger innkjøp av kunstgjenstander og kan søke kunstnerisk bistand.

Utlodning

Foretas hvert år før jul. Gjenstandene grupperes i én A-gruppe og en B-gruppe. Gruppe A skal bestå av gjenstander lik med 1/4 av medlemsmassen, slik at etter 4 års medlemskap skal alle medlemmer ha vunnet i denne gruppe. I gruppe B kjøpes et mindre antall gjenstander eller bilder som trekkes ut på de resterende medlemmer i vedkommende år.

Kontingent

Kontingenten følger kalenderåret og forutsettes trukket over lønn.

Støtte

Styret bemyndiges til å søke vegetaten og eventuelt andre om økonomisk støtte.»

Gevinstene i A-gruppen har stort sett vært malerier, litografier, originaltegninger og akvareller. Vi har også hatt vedde tepper som A-gevinster, men interessen for disse har ikke vært så stor.

I B-gruppen har vi hatt forskjellige gevinster: Akvareller, tegninger, etsinger, keramikk m.m.

Informasjon fra verne- og helsekontoret

Tildeling av varmedresser

Vegdirektoratets retningslinjer for tildeling av varmedresser gir bare noen ganske få anledning til å få disse. Det er også svært vanskelig å sette grensen for hvem som skal få, og hvem som ikke skal få varmedresser.

Den orange varmedressen er vanskelig å rengjøre når den er skitten og ved rengjøring, eller rensing, forsvinner dessuten en del av varmeeffekten.

Gruppen for tildeling av varmedresser har kommet frem til nedenforstående retningslinjer for tildeling av varmedresser. Disse reglene fikk sin tilslutning i Arbeidsmiljøutvalgets (AMU) møte 7. desember 1984.

1. Alle arbeidstakere som mener at de har behov for varmedress kan få tildelt sort varmedress, som skal være under den orange kjeledressen.

Tilbudet gjelder både arbeidere og arbeidsledere i driften.

Sort varmedress (med fullt navn på de personer som skal ha disse) rekvireres fra Bærheim på samme måte som kjeledress.

2. De spesielle grupper som er nevnt i Vegdirektoratet's rundskriv nr. 2/84 av 5. januar kan fortsatt søke innkjøpsseksjonen om tildeling av orange varmedress, dersom tilbudet i punkt 1 ikke kan nyttes.
3. Andre som søker seg orange varmedresser må betale kr 300,- i egenandel.
4. De som søker orange varmejakke kan få dette ved å betale kr 300,- i egenandel.

Innkjøpsprisen på bilder i A-gruppen har i perioden 1981-84 ligget på ca. kr. 2 000,-. I B-gruppen har prisen ligget på ca. kr. 300,-. På styremøtet 20/11-84 ble det vedtatt at innkjøpsprisen for A-bilder skal heves til ca. kr. 2 500,-.

Ved utgangen av forrige 4-års periode var medlemstallet 54. Fra starten av ny periode 1984-87 er medlemstallet 52.

Vi er selvsagt interessert i å øke medlemstallet i Kunstforeningen. Nærmere opplysninger om foreningen og evt. medlemskap rettes til styret. (Kontingenten er for tiden kr. 50,- pr. mnd.).

NAF spanderte tur

Pensjonister på glattisen

AV MÅLFRID CROSBY

En strålende høstdag i fjor var vegvesenets pensjonister på tur til Flekkefjord. Det var NAF som hadde invitert oss til denne turen, som hadde 26 deltakere. NAF's representant Odd- Leif Skogmo fulgte oss på turen og sjåføren fra Haga-Buss hette Bakke.

Hå gamle prestegard

Første stopp ble den restaurerte Hå prestegard fra 1700-tallet. Lærer Anne Synnøve Østby Aanestad var guide. Hun fortalte friskt og humoristisk, ikke bare om prestegardens bygninger og brannherjinger, men om livet her på Jæren i eldre tider.

En samling fine Jærbilder var hengt opp i stuene. Vi gikk så opp på loftet og fikk se en vakker lysbilde- serie fra Jæren «Til deg du hei . . .» med resitasjon av Arne Garborgs fineste dikt. Det ble en opplevelse av de sjeldne å gå rundt i det gamle huset og tenke seg tilbake til farne tider.

Bølgeskummet rullet innover stranden og gjorde stedet så fascinerende og vakkert. Dessverre måtte vi bryte opp og dra videre for vi hadde et stort program for dagen som skulle gjennomføres.

Ole Tafjord imponerte

Vi var så heldige å ha vegmester Tafjord med oss, som også fikk slippe til. Det var jo hans distrikt vi kjørte i, så han kunne fortelle om omlegginger og utbedringer og brubygging på strekningen. Han fortalte om Kongeveien og pekte på de gamle hvelvbruene vi passerte. Årstallet for bygging kunne han uten å blunke. Han fortalte om forlis på Jærkysten og om Tønnes Hauge Puntervold som stiftet Redningsselskapet. Tafjord glemte heller ikke å ta med Ragnvald Skjærpe som bygget skibakke hvor der ble hoppet inntil 30 meter. Guiden var imponert over Tafjords viten og mente at det ikke kunne ha vært skadelig å arbeide i vegvesenet når en 75-åring, som Tafjord, og to 85-åringer som Prante og Aspen kunne fortelle så meget interessant om vegvesenets virke i tidligere tider.

Jøssingfjord

Vi kjørte så gjennom «galleriene» ned til Jøssinghavn. Dette spesielle

vegstykke gir meg sikkert og andre en kriblende fornemmelse i mellomgulvet når vi farer nedover. Guiden fortalte om krigshendingene og om den gamle bosettingen her.

E 18 hjem

I Flekkefjord hadde vi lunsjpause, før vi drog hjemover igjen langs E 18. På Bue gjorde vi en stans, der et besøk på NAF's glattkjøringsbane sto på programmet.

Det viste seg at vår guide Odd Leif Skogmo var instruktør for øvelseskjøring. Vi fikk en utmerket orientering om banen som eies av NAF. Banen var stålbelagt, og han fortalte

om øvelseskjøringen hvordan det foregikk. Vi fikk se en avdeling tunge militærkjøretøyer i aksjon. Det var skremmende å se at kjøretøyene etter brems for mange meter bortover banen før det endelig ble stopp. Der var også øvelser med hindring i ve-gen.

Glattkjøring og konkurranse

Vi hadde fått utdelt konkurranse- spørsmål og fikk det travelt med å finne ut av disse, som skulle leveres tilbake til Skogmo før vi kom til Bryne. Det begynte å li utpå dagen, og vi var glade da vi igjen hadde funnet våre plasser i bussen for å begi oss på hjemveien. Men nei! Skogmo beordret sjåføren til å kjøre ut på øvelsesbanen, for nå skulle pensjonistene på glattisen og gjøre de forskjellige prøver, brems på 20 km, 30 km og 40 km. Banen var jo stålbelagt og ble stadig oversprøytet med vann. Det gikk bra, men da Skogmo tok oss med i den skarpe svingen som ble sprøytet med såpeskum, ble jeg redd, men Skogmo forsikret at der var ingen fare. Der var ofte busser, både fra NSB, SOT og andre bilselskaper til øvelse. Sjåfør

Forts. side 19

Motorvegen forbi Ganddal presenter på landskapsmodell



Planarbeidet for vidareføringa av motorvegen forbi Ganddal pågår for fullt. Nyleg var det informasjonsmøte for befolkninga i området. Til dette møtet laga teikneslaen ved Vegkontoret ein landskapsmodell med den planlagde vegtraseen plassert i terrenget. Det er første gongen at teiknesalen lagar ein modell av dette slaget, men resultatet var framifrå. Under møtet på Ganddal var det stor tilfredshet frå publikum for den klare informasjonen som blei gitt ved hjelp av modellen.


På biletet ser me teikneledar Bård Asle Nordbø og Sissel Norland atmed modellen, rett etter at det omfattande arbeidet er avslutta.

Sola kommune satser på vegutbygging

Solatangenten nærmer seg fullføring

TEKST: SIGURD SÆLAND – KART: BÅRD A. NORDBØ
FOTO: HARALD SEL

Solatangenten er det skrevet om i Rygjavegen tidligere, men mye er skjedd siden begynnelsen av 1983. Det var nemlig ved årsskiftet 82/83 at Solatangenten ble påbegynt. Solatangenten skal lede gjennomgangstrafikken utenom Sola sentrum og boligområdene langs Sandesletta rv. 510 og vil dermed bedre trafikkforholdene for både «myke» og «harde» trafikanter i Sola.



Ser vi på skissen går den nye vegen fra krysset med rv. 510 og Løwenstrasse v/Ljosheim langs gammel rv. 509 til Solakrossen (A-B), videre fra Solakrossen til Arabergvegen (B-C) og fra Arabergvegen til Skiljaberget (C-D). Disse tre etappene utgjør Solatangenten.

20,5 mill.

Første etappe som ble bygget av Solatangenten, anlegget Solakrossen-Arabergvegen (B-C) ble bygget i 1983. Andre etappe (A-B) ble påbegynt desember 1983 og ventes ferdig mars 1985. Denne etappen som ble bygget i 1984 er totalt ca. 1 km med g/s-veg langs hele nordsiden. I 1984 gikk det med 5,7 mill. kr. på strekningen A-B, mens totale anleggskostnader på A-B er beregnet til ca. 7,1 mill. kr. Hele Solatangenten som vil bli ca. 2,7 km fra A (Ljosheim) til D (Skiljaberget) er kostandsregnet til ca. 20,5 mill. kr., dvs. en løpemetertpris på ca. kr 7 600,-. Dette beløpet inkluderer imidlertid omlegging av sideveger, kryssomlegginger, rundkjøring ved Skiljaberget, bygging av parallell g/s-veg, oppsetting av støyskjermer og bygging av 6 underganger for myke trafikanter (både folk og fe). Siste del av Solatangenten som inngår i disse kostnadene som er nevnt, parsell C-D håper vegvesenet å bygge i 1985/86 (6,3 mill. kr) dersom finansieringen (forskotteringen) går i orden.

Sola forskotterer

Nå lurer sikkert mange på hvor pengene til dette prosjektet kommer fra når vi til stadighet hører og leser om nedskjæringer og små bevilgninger til vegsektoren. Svaret er at Sola kommune har påtatt seg forskottering av Solatangenten med tilbakebetaling over riksvegbudsjettet på et senere tidspunkt. Jeg kan også opplyse at det ikke bare er Solatangenten som nyter godt av forskotteringer fra Sola kommune. Det er også stilt beløp til rådighet til finansiering av andre riksvegprosjekt i kommunen og for 1985 har kommunen bevilget ca. 13 mill. kr øremerket til forskottering av g/s-vegprosjekt langs riksvegene i kommunen. Som vi forstår har Sola kommunes «rikdom» hjulpet godt på sysselsettingssituasjonen for vegvesenet på nord-Jæren.

Miljøtiltak

Tilbake til Solatangenten. Vi ser av bildet at krysset med Løwenstrasse v/Ljosheim er helt bygget om. Solatangenten mot Løwenstrasse/Forus



Solatangenten, strekning A-B (se kart). I det «fjerne» Solakrossen. I forgrunnen krysset ved Ljosheim med undergang. Når utbygginga er ferdig vil rv. 509/510 komme inn fra venstre i et T-kryss.



I vinter har arbeiderne på Solatangen for en stor del vært opptatt med å sette opp støyskjermer, ikke bare mot boligområdet ved Ljosheim, men også langs E 18 i Stavanger. På dette bildet fra «snekkerarbeidet» ved Ljosheim ser vi fra venstre Ole Henrik Aadnøy og Magnus Danielsen.

vil nå bli gjennomgående og rv. 509/510 fra Sandnes/Klepp vil komme inn i et T-kryss. Mot boligområdet på Ljosheim er det satt opp ca. 250

m støyskjermer i tre p.g.a. at vegtrafikk ble flyttet inn mot boligene og beregnet støy kom over nedre grense for støyskjermingstiltak. Vegen er

Overlast kan bli dyrt

AV EDDIE WESTAD

Av hensyn til næringslivet har vegvesenet i løpet av de siste årene skrevet opp akseltrykket og økt tillatt totalvekt på de riktige riksvegstreknningene. Mange steder har oppskrivningen av akseltrykket vært på grensen av det som er forsvarlig, noe som gjør at selv moderat overlast sliter hardt på vegene.

For å bevare vegnettet best mulig er det derfor fra 1. januar 1985 innført strengere regler når det gjelder overskridelse av totalvekt.

– I tillegg til gjeldende regler for aksel-/boggi- og trippelboggitrykk blir det nå krav om at kjøretøy eller vogntog som er overlastet med mer enn 5% av tillatt totalvekt, som hovedregel ikke skal tillates kjørt videre før totalvekten er brakt ned til det tillatte.

– For spesialkjøretøy vil omlasting bli vurdert så snart den tillatte totalvekt i dispensasjonen er overskredet.

– Ved transport av last med kjent vekt, f.eks. sekke-transport, kan avlesing/omlastning bli vurdert ved 5% overskridelse av tillatt aksel-/boggi- og trippelboggitrykk.

Konstatert overløst vil i størst mulig utstrekning bli forlangt lastet over på annet kjøretøy for videre transport. Kun i helt spesielle tilfeller kan det være aktuelt å tillate videre kjøring med overlast utover 5%.

bygget etter vegklasse IIc, dvs. 6,5 m kjørebane og 1 m skulder på hver side. De to siste undergangene som ble bygget ble gjort i egen regi og det falt svært heldig ut. Undergangene er plaststøpt og vanntette p.g.a. høy grunnvannstand i området og vannet må pumpes bort. Sammenlignet med de to første nesten identiske undergangene som ble bygget som entrepris gikk både utførelsen og kostnadene ut i vegvesnets favør. Alt arbeid på denne siste parsellen er gjort i egen regi.

Vi har hatt en bemanning på fra 5 til 8 arbeidere under ledelse av oppsynsmann A. Eide. Før de forhåpentlig går løs på siste del av Solatangenten (C-D) er de nå i snø- og vintermånedene opptatt med å sette opp støyskjermer langs E 18 mot Kontikisvingen og Polarveien i Stavanger kommune (sør for Ullandhaug skole på toppen av skjæringen).

Sekstifem års rutebiltrafikk i Suldal

Ein lastebil med segldukstak i 1919 — 40 bilar og 33 tilsette i dag

AV JOHAN VEKA

Sommaren 1919 reiste suldølen Odd Mehus til Kristiania og tok eit lite kurs i bilkøyring. Han kom heim att over Haukelifjell med ein 2 ½ tonns Federal lastebil. Det blei sett inn trebenker på langsiden av lasteplanen og eit segldukstak vart spent over styrehus og lasteplan. Bilen blei sett inn i rutefart mellom Sand og Osen, og dermed var det kome noko nytt inn i bygdebiletet. Etter fleire år med drøftingar og førebuingar var rutebilselskapet i Suldal ein realitet.

Hesteskys og langsele

På årsmøtet i Stavanger Turistforening i 1910 diskuterte ein spørsmålet om ei automobilrute mellom Sand og Suldalsosen. I samband med det var det og på tale med ei automobilrute mellom Nesflaten og Odda. Ein rekna då med ein kostnad på i alt 30.000 kroner. Men på årsmøtet sa fleirtalet nei til desse prosjekta. Ein meinte at både turistane og bygdefolket fekk greia seg med hesteskys, og med hest og langsele når det galdt varetransporten.

På eit møte i Suldal heradstyre i

1912 låg det føre eit skriv frå amt-mannen. Han ville veta kva stode heradstyret tok til ein eventuell søknad om automobilkøyring på vegen mellom Sand og Suldalsosen. Seks av medlemmene i heradstyret ville gå med på ein slik søknad. Fem var imot.

«Veien egner sig ikke»

Men det kom kje' nokon søknad. Ikkje før i 1914. Då bad A. Skjæveland om lov til å køyre automobil mellom Sand og Suldalsosen i turist-tida året etter (1915). Men han fekk

eit samrøystes nei frå Suldal heradstyre. I svarbrevet heiter det mellom anna: «Veien egner sig ikke for automobiltrafikk, svag bæreevne, krappe svinger, farlige omgivelser, saare generende for bygdens alminnelige færdsel, og folket har meget imod automobilkjørsel.»

Dyr hesteskys

I 1914 får me første verdskrigen, og etterkvart får me og jobbetid og prisauke. Og dette med prisauke ter seg og i samferdsla mellom Sand og Suldal. Ville ein ta hesteskys frå Suldalsosen til Sand, laut ein ut med 10 kroner og 10 kroner for turen heimatt. Og skulle ein suldøl få ein mjølsekk på 100 kilo frå Sand, så gjekk det seks kroner der og.

Dette kunne ikkje gå i lengda, meinte folk. Mellom dei var Østen M. Roalkvam. Han gjekk til ordføreren i Suldal, Hans Høines, og Roaldkvam skal då ha sagt: «Nå får heradstyret gå i gang med ei kombi-



Dette biletet, som er teke kort tid etter 1920, viser fire unge suldølingar attmed den første rutebilen i kommunen. Det var ein 1 1/2 tonns Federal lastebil med innsette trebenker på langsiden og eit segldukstak spent over styrehus og lasteplan.

Ungdommen lengst til venstre på biletet veit me ikkje namnet på. Vidare ser me: Lars Strabø, sjåføren Thormod Mehus som er son til selskapet sin aller første sjåfør, «Odde» Mehus og lengst til høgre står Ragnvald Tjoldal.

Biletet har me lånt av Olav Gjerde, Nedre Vats.

nert automobilrute mellom Sand og Osen. Og går kje' heradstyret med på det, så går eg i gang med ei slik rute.» Dette var i 1918.

«Høveleg for folk og fe»

Jau, denne gongen såg heradstyret det og naudsynt med ei automobilrute. På eit møte same året vart det vedteke med ni mot tre røyster å gå til bilkjøp. Og sommaren 1919 reiste Odd Mehus til Kristiania og tok eit lite kurs i bilkøyning. Den 2 1/2 tonns Federal lastebilen han hadde med seg heimatt kosta 18.500 kroner. Bilen hadde kompakte gummidekk. Utstyret elles: Parafinlykter. Styrehus utan tak. Lasteplan utan tak. Men ein kunne spennast eit seglduktak både over styrehus og lasteplanen. Etter at det var sett inn trebenker på langsiden var bilen «høveleg både for folk og fe», som det vart sagt i Sand og i Suldal med.

Dei første to-tre åra kosta det kr 4,75 å følgja bilen mellom Sand og Osen. Veglengda her er 19 km. Frakta for ein 100 kilos mjølsekk vart sett til kr 2,25. Bensinprisen då var kr 1,10 pr. liter. Men i slutten på 1920-åra går billettprisen ned til kr 1,50, og bensinen kom heilt ned i 17 øre literen.

«An Odde»

Med ein Federal lastebil kom noko nytt inn i bygdelivet både i Suldal og Sand. Og ved rattet satt «an Odd'e», og han Odd'e var Odd Mehus. Han var ikkje berre sjåføren. Han var og i stor mon ein snill «onkel», ein ærendsvain som alltid var blid og aldri sa nei når det galdt «ei beine» på Sandslandet. Det kunne vere han Ola som skulle hatt seg eit naftaglas på apoteket. Og så var det han som skulle henta ein vadmålstuv hjå fargaren til ho Kari. Så var det ho som bad han kjøpa to gullringar på Sandslandet. Sjåføren på «Federalen» kom til hjelpes her og. Her tek me med i biletet ein blid sjåfør og ei smilande jente, som truleg sa: «Monge takk Odd'e!», då ho leverte pengane.


Buss i 1926

Bilruta Suldalsosen – Sand var eit godt tiltak. Det synt seg snart i varemengda. Alt året etter laut ein kjøpa ein bil til. Det var ein overbygd «Grant» med to putebenker langsetter lasteplanen. Dei kunne ein slå opp når det var lite folk og mykje last. To år etter kom den tredje bilen, ein innebygd kombinert-bil. Den første bussen fekk selskapet i 1926, ein 16 setes «Federal».

Ein skal elles merka seg at det var godstrafikken som gav mest i kassa dei første åra, og postføringa.

Nytt norskprodusert leskur

Uvisst om det vil bli brukt av vegvesenet i Rogaland



Nor-skilt trafikkprodukter har nyleg marknadsført eit nytt leskur. Skuret blir produsert av Årdal og Sunndal verk (ÅSV) og er utvikla i samarbeid med Vegdirektoratet og Fjellanger Widerø i Trondheim. Det kan leverast i fleire variantar, m.a. med eller utan vindu.

Skuret, som har fått namnet ALU-skuret, er testa under ulike klimaforhold gjennøvm 3 år og har vist seg tilfredsstillande når det gjeld motstand mot hærverk.

Fotoet viser eit ALU-skur montert ved Halmstad i Rygge.

Vegvesenet i Rogaland tek sikte på at det for framtida skal nyttast berre 3 typar leskur. Det er ikkje tatt standpunkt til om ALU-skuret er aktuelt som ein av dei typane som vil bli brukt langs vegane her i fylket.

Turistane

Etter kvart kom turisttrafikken til å gje bra inntekter, og då særleg i 1930-åra. Då får me flaumen av påsketuristar, og dei «annekterte» dei fleste støtshusa i Suldalsheiane.

I 1929 kom den avanserte teknikken i bil nummer fire, ein «Federal» det og, med seks sylinders motor, og attåt det hydrauliske bremser på alle fire hjula. Bilen hadde til og med vindusviskarar.

Sidan kom den moderne busstypen i form av ein «Bulldog» med 25 sete, levert av Strømmens Verksted. Nå meinte styret i Suldal kommunale bilat at ein laut til med det ein nå kallar markedsføring. I 1934 sende det ut eit reklameskrift, og der sto det mellom anna: «Bruk rutebilane. Billigaste reisemåte. Trygg køyning. Moderne materiell. Frå dei ljose og romslege vognene har ein eit fint utsyn over dalen.» I skriftet var det og eit kart av Suldal og Sand og heiane der. Det var teikna av Sverre Underbakke, ekspeditør på Sand.

I «blidan bør»

Åra går, og bilane går – somme år med underskot og somme år med overskot. I 1939 tyktes ein sigle i «blidan bør». Då er bilane nedskrivne til null. Dessutan hadde ein 75 000 kr ståande i bank. Og litt til: På persontrafikken er kome inn

14 590 kroner, på varetrafikken 17 435. Statstilskotet var på 2 500 kr. Sjåførane fekk utbetalt i løn 8 833 kroner.

Så hoppar me fram til 1962. Då har A/S Røldal – Suldal Kraft teke til med anleggsverksemda i Øvre Suldal. Under anleggsperioden hadde kommunebilane kontrakt med selskapet på all transport mellom Sand og Nesflaten. Då kosta ein på seg fem store lastebilar. I 1968 var omsetnaden kome opp i 1 046 206 kroner. I tillegg til driftsstyraren har ein 17 personar i fast arbeid. Tre år før hadde heile bilverksemda flytta inn i eit stort nybygg på Hagane på Suldalsosen. Her er garasjer, verkstad, kontor og velferdsrom under same tak. Bygget kom på 700 000 kr.

Førti bilar i dag

I 1976 var det namnebyte. Frå det året har me Suldal Billag. Det er eit aksjeselskap der kommunen har 99 prosent av aksjekapitalen. Styret har fem medlemmer.

Og så gjer me eit hopp igjen, til 1983. Då har Suldal Billag ein omsetnad på 10 160 450 kr. Bilparken er på 40 einingar og 33 personar er tilsette i verksemda. Attåt rutenettet i storkommunen Suldal, har billaget og ruter til Røldal, Vadla og Nesvik i Hjelmeland, og dessutan godsruta Stavanger – Sand – Suldalsosen.

Gustav Bøen – pensjonist på ellevte året:

– Vegetaten, den har vore gild den

Femti yrkesaktive år for Ryfylke-vegane

INTERVJU: HARALD SEL

I 1924 kom ein atten årig sørlending til Fister. Bror hans dreiv som vegbyggingskonstruktør i Ryfylke, og nå skulle ungguten få røyna seg som vegarbeider. Dette var innleiinga på nesten 50 yrkesaktive år for nye vegar, betre vegar og tryggare vegar i Ryfylke-regionen.

Gustav Bøen er mannen. Han er nå inne i sitt ellevte år som pensjonist. Og som han var ein dyktig, dugande og engasjert vegmann, så er han ikkje ein mindre aktiv pensjonist. I Sauda har han hatt heimen sin sidan han blei riksvegvakter for kommunen i 1938. Då han i 1974 slutta i Statens vegvesen, fekk han tildelt Norges Automobilforbunds heidersmerke for framifrå arbeid med vedlikehald av vegane.

Manuelt grovarbeid

Vegen til fjellgardane Solbjørg i Fister var den første Gustav Bøen var med på å byggja, og det var nok ei blanda oppleving for ein ganske ung gut å koma inn i sånt grovarbeid.

– Alt foregjekk manuelt, det var

feisel, bor, slegge, spett, hakke, steinbjørn og trillebår. Hardt slit var det, for eg kom saman med gubbar der som kunne ta eit tak. Stygge og blodige hender fekk eg, men styrken og teknikken kom litt etter litt.

Hardt slit var det, for eg kom saman med gubbar som kunne ta eit tak



Arkivbilette frå 1974, då Gustav Bøen slutta i vegvesenet og fekk overrekk diplomen av vegsjef Chester Danielsen som takk for trufast og godt arbeid i etaten gjennom nesten 50 år.

«Med veg skal landet byggjast»

Gustav Bøen understreker at arbeidet med Solbjørg-vegen fekk mykje å seia for han, ikkje bare reint praktisk.

– Eg fekk læra meir. Då eg såg kva vegen til Solbjørg fekk å seia for folket på desse fjellgardane, skjønna eg innhaldet i ordtaket «Med veg skal landet byggjast». Før vegen blei alt bore opp dei bratte bakkane til gards – med handemakt og på hesterygen.

Helene og Gustav

Då Gustav kom til Ryfylke, rekna han ikkje med å bli buande her resten av livet. Men for han som for så mange andre, kom den store kjærleiken til å bli avgjerande for val av heimstad. Helene og Gustav gifta seg i 1932. – Me har hatt 3 barn i lag og har levt godt isaman heile tida, og det er mykje verd, seier han.

«Altmuligmann»

Frå 1930 til 1938 budde Gustav Bøen i Sand, og var tilsett som sjåfør og «altmulemann». Mellom anna var han med på å gjera ferdig «Dollarvegen» frå Storeskjer til Ropeid. Det var ikkje alltid så liketil når han og broren, som også budde i Sand og arbeidde på dette anlegget, skulle over Sandsfjorden på veg til og frå arbeidet. – Dette var jo før ferjene si tid, og me rodde i all slags ver. For me ville på vegen og skofta ikkje ein dag uansett, enten det var snødrev, regn eller storm frå aust.

Fæle vegar

Då Bøen fekk ansvaret for tilsynet med riksvegane i Sauda var det så visst inga enkel oppgåve han gjekk til. Vegane var fæle i den tida, fortel han.

– Me sleit hardt, stundom både dag og natt. Eg tenkjer f.eks. på ein gong rett før krigen. Me fekk eit ganske stort snøfall, så gjekk det

Me ville på vegen uansett og skofta ikkje ein dag



– Me har levt godt isaman heile tida, og det er mykje verdt, seier Gustav Bøen. Han og Helene gifta seg i 1932. Her er dei fotografert heime i Saudasjøen rett før jul i fjor.

(Foto: Harald Sel).

*Største omskiftet eg
opplevde
var då strekninga Vindsvik
– Røldal
fekk fast dekke*

hadde han opplevd ei fantastisk utvikling. Han nemner maskinar og tekniske hjelpemiddel, sosiale framsteg og forbetringar er noko anna. Men den endringa han meiner å sjå tilbake på med størst glede er omskiftet etter at heile strekninga frå Vindsvik i Røldal fekk fast dekke i 1969.

– Det var fantastisk. Me hadde gått der år ut og år inn og håpa på at vegdekket skulle bli betre. Eg vil seia at eg lenge var i tvil om kor vidt eg ville få oppleva fast dekke på denne vegen, og det var ein nydeleg opplevelse då asfalten og oljegrusen kom, – slutt med rok og slutt med alle hola og vaskebredda.

– Du er robust og sterk, Gustav Bøen, men ei god helse har vel også vore nødvendig for å klara det arbeidet du har hatt?

– Ja, eg har hatt ei god helse, eg har det. Eg må sei det at eg gjekk ikkje mykje på sjuketrygda. Det som har forbausa meg etter at me fekk «den nye tida» med alle sine maskinar, det er dei menneskelege og helsemessige problema som også desse førte med seg. Me fekk ganske stort sjukefråver på grunn av slitaseskader f.eks. Det blei for hardt for menneskekroppen med risting og einsformig sittearbeid. Men i dag er jo maskinane ein god del betre enn dei var den første tida.

Aktiv pensjonist

– Det er over 10 år sidan du slutta i vegvesenet, men kontakten med miljøet og etaten den har du framleis.

– Det er faktisk ei stor glede for meg kvar gong eg er innom vegkontoret i Stavanger. Ja, og så er det blitt så rart at dei valde meg til formann i Vegvesenet si pensjonistforening her inne i Ryfylke. Og det tillitsvervet har vore ei glede for meg, det har det. Vegetaten, den har vore gild den, så det var eit lukkeleg val eg gjorde då eg blei vegarbeidar for 60 år sidan.

